



**Miljøverndepartementet**  
**Avdeling for naturforvaltning**  
**Postboks 8013 Dep**  
**0030 OSLO**

Dykkar ref.: 12/3326

Vår ref.: 12/539-3 Arkivkode: K2-K46, K3-&amp; 13

Dato: 03.12.2012

### **Fråsegn til høyring om endring i naturmangfordloven og viltloven**

Granvin herad viser til høyringsbrev fra Miljøverndepartementet frå 26.09.2012 ref. 12/3326. Kommunane står ikkje på lista over høyringsinstansar og Granvin herad vart ikkje klar over høyringa før me fekk tips frå Ullensvang herad 30.11.2012. Det er grunna den korte fristen administrasjonen som svarar på vegn av Granvin herad. Me viser til fråsegn frå Ullensvang herad frå 30.11.2012 ref. 12/1494-2 og stettar fullt ut Ullensvang herad sitt syn.

Med helsing

Thomas Sjøflot  
 Landbruksjef  
 Direkte innval: 56524018

Vedlegg:

Kopi av brev til MD frå Ullensvang herad frå 30.11.2012 ref. 12/1494-2

**Postadresse:**Postboks 13  
 5733 Granvin**Internettseite:**

www.granvin.kommune.no

**Telefon:**

56 52 40 00

**Telefaks:**

56 52 40 01

**E-post:**

postmottak@granvin.kommune.no

**Org.nr.:**

844162502

**Bankkontonr.:**

6501 05 67305

**Postgirokontonr.:**

0803 5786504

ULLENVANG HERAD



Miljøverndepartementet

Avdeling for naturforvaltning  
P.B.8013 Dep  
0030 OSLO

GRANVIN HERAD	
Saksid:	12/539-2
Dato:	30 NOV 2012
Eining:	TE
Arkivkopi	K 46 Q 13

Dykkar ref. Vår ref.  
12/1494-2

J.post id.  
12/12989

Arkiv  
N-000/

Dato  
30.11.2012

**Høyringssvar på endring i naturmangfaldlova og viltlova  
Uttale frå Ullenvang herad**

Ullenvang herad vart den 21.11.2012, tilfeldigvis klar over at det var sendt ut høyring på endring av naturmangfaldlova og viltlova, dykkar sak 12/3326. Me meinat at det er kritikkverdig at kommunane ikkje har fått oversendt denne høyringa til uttale. Dette skuldast at endringane som er føreslege, faktisk vil innebera at kommunane vil få overført nye oppgåver.

Me var same dag i kontakt med sakshandsamar i Miljøverndepartementet (MD), og ho oppmoda oss om å koma med innspel til høyringa.

Det er tre punkt som me ynskjer å kommentera i samband med dei føreslegne endringane.

Punkt 1:

Viltlova § 20 tredje ledd.

3.2.1 Bruk av kunstig lys ved ettersøk av påskutt hjortevilt, regulering av jaktutøvelse i mørke - MD sitt framlegg til endring:

*Ettersøk av påskutt hjortevilt. Jegeren har bevisbyrden for lovlig påskyting og skal snarest varsle grunneier og kommunen om bruken av kunstig lys og om utfallet av ettersøket.*

Kommentar:

Heradet finn lite meinings i at me skal vera ein part som skal varslast i samband med ettersøk, utover dagens reglar. Det må presiserast at det er godkjende ettersøksekvipasjar, og ikkje jegeren, som kan utføra denne oppgåva. Desse ekvipasjane skal gjennom sin sertifisering sjølvstendig kunna vurdera om ein skal gjennomføra eit kort ettersøk med hjelp av lys, eller om ein skal avventa til neste dag. Kommunane har ikkje "tilsette" som på nattetid vil kunna registrera denne type meldingar, og det heller ikkje hensiktsmessig at det vert gjort av kommunane. Derimot hadde politiet vore den rette instansen for eit varsel om ettersøk i den mørke delen av døgnet. Dette vert allereie praktisert fleire plassar i sylinderet, men mest i tettbygde område. Eit varsel til politiet er og ei forsikring for ettersøkspersonellet, om det skulle oppstå påstandar om tildømes tjuvjakt, og om det vert rapportert om skyting i området.

Nytt framlegg:

Ettersøk av påskutt hjortevilt. Jegeren har bevisbyrden for lovlig påskyting og skal snarest kontakte godkjent ettersøkspersonell som igjen kontakter politiet.

*Punkt 2.*

*Viltlova § 21 annet ledd.*

3.3 Ettersøk av påskutt sjøfugl

- MD sitt framlegg til endring:

*Innen en avstand av 2 km fra land, herunder holmer og skjær, er det forbudt å drive jakt fra motorbåt eller annet flytende eller svevende fartøy drevet av motor, med unntak av ettersøk av lovlig påskutt vilt når fartøyets hastighet ikke overstiger 5 knop. Jegeren har bevisbyrden for lovlig påskyting og skal snarest varsle kommunen om bruk av motor under ettersøket.*

*Fylkeskommunen kan for bestemte områder og tidsrom øke eller minske avstanden.*

Kommentar:

Heradet finn lite mening i at me skal verta ein part som skal varslast i samanhald med ettersøk av skada sjøfugl. Kommunane har ikkje "tilsette" som i helger og på kveldstid vil kunna registrera denne type meldingar, og det heller ikkje hensiktsmessig at det vert gjort av kommunane. Tilsynet med ulovlig jakt er underlagt politiet. Det er såles naturleg at det er politiet som eventuelt bør varslast ved bruk av motorbåt under ettersøk. Politiet fører logg av alle samtalar og dei er/skal vera tilstades til einkvar tid. Truleg vil og ein eventuell rapporteringsplikt til politiet virka preventivt for at reglane ikkje vert misbrukte. Det er klart at denne ordninga kan misbrukast, og fordelane må målast opp mot ulempene.

Nytt framlegg:

*Innen en avstand av 2 km fra land, herunder holmer og skjær, er det forbudt å drive jakt fra motorbåt eller annet flytende eller svevende fartøy drevet av motor, med unntak av ettersøk av lovlig påskutt vilt, når fartøyets hastighet ikke overstiger 5 knop. Jegeren har bevisbyrden for lovlig påskyting og skal snarest varsle politiet om bruk av motor under ettersøket.*

*Fylkeskommunen kan for bestemte områder og tidsrom øke eller minske avstanden.*

*Punkt 3.*

*Naturmangfaldlova § 15 første og tredje ledd*

- MD sitt framlegg til endring:

*Høsting og og annet uttak av naturlig viltlevende dyr skal følge av lov eller vedtak med hjemmel i lov. Unødig skade og lidelse på viltlevende dyr og deres reir, bo eller hi skal unngås. Likeledes skal unødig jaging av viltlevende dyr unngås.*

Kommentar:

Heradet vil påpeika at ein slik ordlyd kan tolkast som eit hinder for alle typer drivjakt og trening av jakthundar. Det gjelder både ståande og støtande fuglehundar, drivande hundar og hihundar. Lovformuleringa kan også tolkast som eit forbod mot vanleg drev under jakt på hjortevilt.

MD skriv i høyringsbrevet at det er reglane som var innarbeidd i § 3 i viltloven som skal vidareførast i § 15 i Naturmangfaldlova. Det skal altså ikkje vera nokon innstramming i reglane for lovlig jakt og/eller lovlig trening av jakthundar. Dette må presiserast i forarbeida til endring av lova. Om det er ulovleg trening av hundar på bjørn på vårparten, som er bakgrunnen for at loven nå skal endrast, får ein heller presisera i lovteksten kva for reglar som skal gjelda for freda store rovdyr.

Nytt framlegg:

Som framleggget frå MD, men med presisering at bruk av jakthundar til lovleg jakt og trening, og drev i samband med lovleg jakt, ikkje vert innskjerpa i høve praktiseringa av tidlegare § 3 i viitlova.

Med helsing  
Ullensvang herad

Rune Østraat  
skogbruksjef

*Sakshandsamar sin tlf:* 53671564  
*Sakshandsamar si e-postadr.:* [rune.ostraat@ullensvang.herad.no](mailto:rune.ostraat@ullensvang.herad.no)